

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato: 27.05.2024

Vår ref.: 202408255-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2024/1037-4

Svar på - Høyring - Ber om uttale i samband med lukking av mindre bekk på gnr. 238 bnr. 3 - Kvinnherad kommune

Vi viser til førespurnaden dykkar av 29.04.2024.

Bakgrunn for tiltaket

Kvinnherad kommune ber om uttale til lukking av bekk knytt til søknad om nydyrking. I følgje søknad ligg bekken i dag som ei grøft gjennom eit areal med dyrka mark. Arealet på den dyrka marka er om lag 2,3 dekar, og søkjar ynskjer å lukke bekken for å kunne drive arealet betre som slåttemark. Bekken er søkt lukka med 300 mm røyr, og vil fungere som ei forlenging av røyret som går under ein veg nedstraums bekken. Bekken vil då leggjast i røyr i om lag 75m.

NVE si vurdering

NVE skal vurdere tiltaket opp mot §8 i vassressurslova; «*Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten*».

NVE har ved hjelp av den digitale kartløysinga NVE Atlas gjort ei vurdering av det omsøkte tiltaket.

NVE kan ikkje sjå at det er registrert truga dyre- eller planteartar som vil verte negativt påverka av eit eventuelt tiltak. Vidare er det ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet.

Bekken ligg innanfor aktsemdsområde for flaum og kvikkleire. Då tiltaksområdet ligg under marin grense kan ein ikkje utelukke at det finnes kvikkleire i grunnen.

Bekkelukking bør generelt unngåast. Bekkar skapar variasjon landskapet, og mange plantar og dyr er knytt til dei. Bekkane har både grunna vasspegel og vegetasjon verdi for både det biologiske mangfaldet, og for natur- og kulturlandskapet. Vidare bidreg opne bekkar til reduksjon av forureining nedstraums. Opne bekkar gjev vanlegvis mindre fare for flaumskadar av di dei normalt har større kapasitet til å leie flaumvatn enn røyr, og dei gjev betre moglegheit til å kontrollere avrenning i flaumsituasjonar.



Om lukking av bekken vert gjennomført, er det viktig at alternative flaumvegar er sikra. Tiltakshavar må dokumentere at røyra er dimensjonert for stor flaum, og tiltakshavar må sjå til at det er alternative, sikre flaumvegar for flaumvatn når røyret går fult, slik at det ikkje oppstår skade.

NVE vil og minne om at lukka bekkar krev areal, då det ikkje må etablerast bygg over lukka bekkar.

NVE vurderer planane slik dei er lagt fram til ikkje å krevje noko ytterlegare behandling av oss etter vassressurslova.

Viktig informasjon for deg som planlegg tiltak i vassdrag

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova kapittel 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner spesielt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragstiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vi gjer merksam på at dersom planen vert endra eller det viser seg at allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, kan dette utløyse konsesjonsplikt jf. vassressurslova § 8. Planen bør i så tilfelle sendast til NVE for ny vurdering. Ved utførte tiltak som er konsesjonspliktige etter vassressurslova, vil NVE med heimel i vassressurslova § 59 vurdere pålegg om retting. Iverksetting av konsesjonspliktige tiltak utan nødvendig løyve er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi minner om at tiltaket må avklarast i høve til anna relevant regelverk, for eksempel plan- og bygningslova og lakse- og innlandsfisklova. Viss det er behov for å fjerne kantvegetasjon må de søke til Statsforvaltaren om dispensasjon frå vassressurslova § 11.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper for private interesser som følgjer av tiltaket.

Med helsing

Eli Anne Støfring
Overingeniør

Godkjent av Aart Verhage
Sjefingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.



Mottakarliste:

KVINNHERAD KOMMUNE

Kopimottakarliste: